

Forskrift om stenging av campingplassar, bobilcamping, gjestehamner i samband med Covid-19

Heimel: Fastsett av formannskapet i Austrheim kommune 3. april 2020 med heimel i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav b.

§ 1 Føremål

Forskrifta gjeld tiltak i Austrheim kommune som skal førebyggje og hindre spreiing av smitte av covid-19, samt avgrense belasting på helse- og omsorgstenesta i kommunen.

§ 2 Stenging av campingplassar, bobilcamping og gjestehamner

Campingplassar, bobilcamping og gjestehamner for fritidsbåtar i Austrheim kommune skal vere stengt. Eigar av campingvogner og liknande kan utføre naudsynt vedlikehald eller tilsyn ved dagsbesøk.

Pålegget om stenging gjeld ikkje utleige av hytter, leilegheiter, campingvogner eller liknande med eige bad/wc/kjøkken til personar som blir tildelt midlertidig bustad gjennom kommunen sine tenester, eller som nyttast til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutøving.

§ 3 Økonomisk ansvar

Austrheim kommune tek ikkje økonomisk ansvar som følgje av pålagde tiltak.

§ 4 Verknadstid

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.